

Handlekraft og godt samarbeid gjev lynrask utbygging.

19.02.2016



Utbygginga har starta ved Vonheim.

I dag starta utbygginga av fibernettet øvst i Uskedalen, frå forsamlingshuset Vonheim og til Friheim. At dette startar alt no, viser at ein framleis kan få ting til å skje fort og effektivt dersom positiv velvilje, handlekraft og godt samarbeid er tilstades. Oppsitjarane i øvre del av dalen er svært glade for velviljen dei har vorte møtt med.

Til no har det vore radiobasert internett i denne delen av bygda. Dette har vore svært ustabilt og lite tilfredstillande. At det berre har vore intakt 2 dagar dei siste 3 vekene, og framleis er ute, understrekar dette!

Tore Mathiesen, i initiativsgruppa for fiberutbygginga, er svært fornøgd med utviklinga saka har fått etter at oppsitjarane hadde eit møte med ordførar Peder Sjo Slettebø for halvannan månad sidan. Både ordføraren og den nye rådmannen Odd Ivar Øvregård, som kom til seinare, får mange lovord for at dei har vore positive og løysningsorientert. Mykje ros får også dei andre samarbeidspartnerane Kvinnherad Breiband og Kvinnherad Energi som også deltar i spleiselaget saman med kommunen og oppsitjarane.

Forrige torsdag vart spleiselagsordninga vedteken i formannskapet, og allereie i dag var arbeidet i gang. Svært imponerande! Kristiansandfirmaet Opp AS, er leigt inn av Kvinnherad Breiband, og dei vil syta for at stamfiberen vert strekt i løpet av neste veke. Etter det startar arbeidet med å kopla opp kvar einskild husstand. Dette arbeidet gjer Kvinnherad Breiband sine eigne folk.

- Vi er svært glade for den utviklinga saka har fått i det siste, avsluttar Mathiesen, og i denne sammenhengen trur eg ikkje dei tenkjer mykje på at spleiselaget kostar kvar einskild noko meir enn det normalt kostar å få lagt inn fiber.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland